



Sven Arne Eidsvik frå Uskedalen vart attvald som styreleiar for 2 nye år under generalforsamlinga i Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad. Den vart halde i Uskedalen tysdag kveld.

Frøydis Sjo Fjellhaugen frå Matre vart og attvald - som nestleiar for 2 år. Torgny Nundal frå Husnes vart vald til ny leiar av generalforsamlinga etter Ingvill Gåsemyr Sæberg.. Kjell Yri frå Uskedalen vart attvald som varamann til styret og ny leiar for valkomiteen.

Stiftinga hadde i fjor eit overskot på nær 111 millionar kroner, kor av 6 millionar vart avsett til gåveutdeling.

Styret fekk fullmakt til å dela ut 3 millionar i haust og ein liknande sum i første halvår i første halvår 2015.

Tekst, foto og nett: Kristian Hus

